



## STORTINGET

# Innst. 290 L

(2017–2018)

Innstilling til Stortinget  
fra utdannings- og forskningskomiteen

Prop. 52 L (2017–2018)

---

### **Innstilling fra utdannings- og forskningskomiteen om Endringer i opplæringslova, friskolelova og folkehøgskolelova (plikt til å tilby intensiv opplæring og plikt til fleirfagleg samarbeid m.m.) - BERIKTINGET**

---

Til Stortinget

#### **Sammendrag**

Kunnskapsdepartementet foreslår i denne proposisjonen å innføre ei plikt for skolen til å gi tilbud om intensiv opplæring til elevar på 1.–4. trinn som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller rekning. Forslaget forsterkar aktivitetsplikta til skolane når det gjeld tilpassa opplæring, og vil leggje til rette for at fleire elevar som treng det, blir fanga opp tidleg. Kunnskapsdepartementet foreslår òg å innføre ei plikt for skolen til å samarbeide med kommunale tenestetilbydarar om fleirfagleg vurdering og oppfølging av elevar med helsemessige, personlege, sosiale og emosjonelle vanskar knytte til opplæringa. Etter dagens regelverk har fleire kommunale tenester ei lovfesta plikt til å samarbeide med skolen. Plikta skolen har til samarbeid, er ikkje på ein formålstenleg måte spegla i opplæringslova. Forslaget inneber at samarbeid mellom ulike kommunale tenesteytarar kjem til uttrykk i lovverket gjennom gjensidige forpliktingar til å delta. Både forslaget om plikt til å gi intensiv opplæring og forslaget om plikt til fleirfagleg samarbeid har bakgrunn i Meld. St. 21 (2016–2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen.

Kunnskapsdepartementet foreslår vidare å endre føresegna om vidaregåande opplæring i bedrift slik at

det blir mogleg å gå opp til fag- eller sveineprøva på grunnlag av allsidig praksis, realkompetansevurdering og opplæring kombinert med rettleidd praksis i ordinært arbeid. Målet er å motivere fleire vaksne til å ta fagbrev ved at dei kan behalde lønt arbeid og få opplæring i arbeidstida. Departementet foreslår at ordninga blir heitande Fagbrev på jobb.

Kunnskapsdepartementet foreslår vidare å endre folkehøgskoleloven slik at ho òg gjeld for Svalbard.

I tillegg til dette foreslår Kunnskapsdepartementet enkelte endringar i opplæringslova og ei endring i friskolelova for å rette opp feil som har oppstått i samband med tidlegare lovendringar.

#### **Komiteens merknader**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jorodd Asphjell, Martin Henriksen, Nina Sandberg og Torstein Tvedt Solberg, fra Høyre, Kent Gudmundsen, Turid Kristensen, Marianne Synnes og Mathilde Tybring-Gjedde, fra Fremskrittspartiet, Åshild Bruun-Gundersen og lederen Roy Steffensen, fra Senterpartiet, Marit Arnstad og Marit Knutsdatter Strand, fra Sosialistisk Venstreparti, Mona Fagerås, fra Venstre, Guri Melby, og fra Kristelig Folkeparti, Hans Fredrik Grøvan, viser til Prop. 52 L (2017–2018)

#### **Plikt til å tilby intensiv opplæring**

Departementet skriv at det grunnleggjande problemet i Skole-Noreg er at læringsutfordringar som oppstår tidleg, i for stor grad får utvikle seg og forsterke seg over

tid. Dugleikar i lesing, skriving eller rekning er viktig for den framtidige læringa og meistringa til elevane i skole og utdanning, men dei er òg særskilte for seinare deltaking i arbeids- og samfunnslev. At det oppstår læringsutfordringar, kan ha samanheng med at eigna tiltak ikkje er sette i gang raskt nok.

Departementet peikar på at det er store skilnader mellom kommunane på kor stor del av elevene som har vedtak om spesialundervisning, og korleis spesialundervisninga blir organisert. Dette kan tyde på at kommunane praktiserer grenseoppgangen mellom ordinær opplæring og spesialundervisning ulikt. Departementet meiner det er behov for ei presisering av forventningane til korleis skolane jobbar med tilpassa opplæring. Departementet meiner derfor det er behov for å forsterke den tidlege innsatsen i skolane.

Departementet foreslår å ta inn ei ny føresegn i opplæringslova og friskolelova om tidleg innsats på 1.–4. trinn. Forslaget inneber at skolen på 1.–4. årstrinn skal sørge for at elevar som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at dei når den forventa progresjonen. Intensiv opplæring er meint å inngå som ein del av den ordinære tilpassa opplæringa, men er kjenneteikna av kortvarig og målretta innsats frå skolen i lesing, skriving eller rekning for elevar som har behov for det. Det overordna målet med intensiv opplæring er at elevane raskt får eigna støtte og oppfølging om dei treng det, slik at problema ikkje får høve til å utvikle seg. Elevar som har behov for avvik frå kompetansemåla, eller som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa trass den ekstra innsatsen, vil ha rett til spesialundervisning. Dette betyr òg at det ved intensiv opplæring ikkje skal gjerast enkeltvedtak på grunnlag av sakkunnig vurdering.

Departementet foreslår elles å ta inn eit vilkår i den nye føresegna om at dersom omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kortare periode bli gitt som eineundervisning. Bortsett frå dette gjeld dei alminnelege reglane for organisering av elevane i grupper òg den intensive opplæringa.

Eit fleirtall av høyringsinstansane støttar forslaget om intensiv opplæring, men nokre meiner at det ikkje er behov for ytterlegare lovregulering fordi det allereie gjeld eit krav om tidleg innsats. Nokre høyringsinstansar uttrykkjer at dei meiner forslaget er uklart, og at det kan føre til fleire dokumentasjonskrav, meir byråkrati og ei uheldig ressursforskyving frå andre trinn

Departementet har teke omsyn til nokre av synspunkta frå høyringsinstansane ved å ta inn enkelte presiseringar i premissane til lovforslaget og har justert forslaget til lovtekst, som legg barnet sitt beste til grunn som ein føresetnad for å kunne gi elevane eineundervisning. For å skape klarleik og for å bidra til at kravet til tidleg innsats ikkje skal bli unødig komplisert, foreslår

departementet å oppheve dagens føresegner om tidleg innsats i opplæringslova og friskolelova.

Komiteen viser til at regjeringen foreslår å innføre en plikt for skolen til å gi tilbud om intensiv opplæring til elever som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller regning. Plikten er knyttet til elever på 1.–4. trinn, ettersom funn fra forskning viser at det er behov for å forsterke innsatsen de første årene i grunnskolen. Komiteen viser til at det i den intensive opplæringen kan benyttes ulike metoder og pedagogiske opplegg, og at skolene og lærerne er nærmest til å vurdere hvordan den intensive opplæringen best kan organiseres og gjennomføres.

Komiteen mener tidlig innsats er avgjørende for at barna skal oppleve mestring i skolehverdagen. Mestring gir trygghet og selvtillit, mens mangel på mestring kan gi grunnlag for utenforskap og dårlig helse. Elever som har behov for ekstra oppfølging, må få den hjelpen de trenger, så tidlig som mulig.

Komiteen viser til Utdanningsforbundets innspill til komiteen angående denne saken, hvor det står:

«Utdanningsforbundet meiner framlegget er lite forpliktande og ber preg av ei noko snever tilnærming når tiltaket er avgrensa til elever som strever med «lesing, skriving og rekning». Det er ofte samansette årsaker til at elevar strevar i skulen. Det kan skuldast ulike sosiale, emosjonelle, psykiske og fysiske faktorar. Vi meiner at ein her grip fatt i symptoma meir enn årsaka til at nokre elevar strevar på skulen.»

Komiteen viser til at skolen skal se hele eleven, og at forslagene fra regjeringen i Prop. 52 L (2017–2018) ikke skal svekke dette.

Komiteen merker seg også Utdanningsforbundets bekymring for at disse lovendringene kan føre til mer standardiserte tiltak, og at aktivitetsplikten vil kunne gå utover kommunenes prioritering av lærertetthet på 1.–4. trinn. Utdanningsforbundet uttrykker videre bekymring for at dette vil føre til at ressurser flyttes fra de eldste trinnene til de yngste.

Komiteen vil også understreke at skolen, særlig i de første skoleårene, har et viktig oppdrag i å sikre at elevene har en skolehverdag tilpasset små barns måte å lære på. Komiteen mener derfor at det må legges bedre til rette for at de minste barna i skolen kan lære i sitt eget tempo og få opplæring tilpasset deres alder og utvikling.

Komiteen viser til at læreren er skolens viktigste ressurs, og at det viktigste er å sikre at alle elever har tilgang til gode og kvalifiserte lærere som kan se den enkelte elev og gi tilpasset opplæring.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti støtter regjeringens forslag om å sikre mer tilpasset og intensiv opplæring i lesing, skri-

ving og regning i de første skoleårene. En lovfesting av plikten til å tilby intensiv opplæring vil være en tydeliggjøring av skolens ansvar for raskt å sette inn tiltak overfor elever som strever. Flertallet viser til at barn er ulike, og at de både lærer og utvikler seg i ulikt tempo. Det er derfor viktig at både skolene og lærerne får nødvendig handlingsrom til å vurdere hvordan den intensive opplæringen skal organiseres og gjennomføres i hvert enkelt tilfelle.

Flertallet viser til at det som følge av budsjett-enigheten for Statsbudsjettet 2018 mellom de fire partiene innføres en lærernorm fra høsten 2018 som gjelder på hovedtrinn. Dette vil sikre at skolene ikke i for stor grad prioriterer ned ressursinnsats på høyere skoletrinn som følge av lovfestet rett til intensiv opplæring på 1.–4. trinn.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil understreke den store betydningen av at alle elever skal få hjelpen de trenger for å oppleve mestring og god læring fra første skoleår av, fremfor at de først får hjelp etter år med lærevansker og nederlag. Slik kan tidlig innsats bidra til bedre mestring, læring, trivsel og ikke minst til at flere gjennomfører videregående opplæring, og dermed at skolen lykkes bedre med å gi alle elever gode muligheter videre i livet.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet er glade for at regjeringen omsider vil innføre systematisk bruk av tidlig innsats i norsk skole i form av intensivopplæring. Disse medlemmer viser til at Arbeiderpartiet har foreslått systematisk satsing på tidlig innsats med en lese-, skrive- og regnearanti, herunder intensivundervisning seks ganger siden regjeringen Solberg tiltrådte i 2013.

Disse medlemmer vil understreke at flere lærere for de yngste elevene er en forutsetning for å lykkes med tidlig innsats, og viser til at Arbeiderpartiet i sitt alternative budsjett for 2018 foreslo å innføre en lærernorm og å bevilge penger til 1 000 nye lærere for de yngste elevene. Det forslaget fikk ikke flertall, men disse medlemmer er glad for at Kristelig Folkeparti har fått gjennomslag for å innføre en lærernorm som vil gi flere lærere for de yngste elevene.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre viser til at regjeringen satser på flere lærere i skolen, samtidig som den forsterker den tidlige innsatsen ved å tydeliggjøre skolens ansvar for å tilby intensiv opplæring til elever som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller regning. Disse medlemmer viser til at den intensive opplæringen skal inngå i den ordinære tilpassede undervisningen, men at den skal sikre at elevene som trenger det, raskt får nødvendig støtte og oppfølging.

Disse medlemmer vil understreke at læreren er den viktigste enkeltfaktoren for elevenes læring, og at det derfor er viktig å sikre at alle elever har tilgang til gode og kvalifiserte lærere som kan se den enkelte elev og gi tilpasset opplæring. Disse medlemmer viser til budsjett-enigheten for statsbudsjettet 2018, hvor de fire ikke-sosialistiske partiene er enige om at det skal innføres en lærernorm som vil bidra til nettopp dette.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til at forslaget i proposisjonen ble varslet i stortingsmeldingen «Lærelyst» som ble behandlet i Stortinget våren 2017. Disse partiene sluttet seg da til intensjonen i forslaget, men foreslo i tillegg en utvidelse til å gjelde alle fag og på alle trinn.

Disse medlemmer er enige i at tidlig intervensjon er spesielt viktig i de første årstrinnene, men mener samtidig at skolens plikt til raskt å sette inn særskilt innsats også må gjelde for elever med manglende progresjon utover i opplæringsløpet. Ved å begrense plikten til å gjelde kun basisfagene mener disse medlemmer at forslaget vil virke ytterligere styrende på bekostning av de andre fagene, og med det stå i motsetning til skolens helhetlige kompetanseoppdrag.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Opplæringslova § 1-4 og friskolelova § 3-4 b skal lyde:

Skolen skal sørge for at elever som står i fare for å bli hengende etter i fag, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventet progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.»

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti er kritisk til forslaget regjeringen fremmer om å innføre en plikt til intensiv opplæring for elever som står i fare for bli hengende etter i lesing, skriving eller regning. Dette medlem vil hegne om en inkluderende fellesskole, som gir alle barn like gode muligheter til å lære, lykkes og trives. Gjeldende lovverk sikrer barn rettigheter og gir skolen et ansvar dersom barnet av ulike grunner har lærevansker eller på annet vis ikke får utbytte av den ordinære undervisningen. Skolen er dessuten forpliktet til tidlig innsats. Stortinget har med dette gitt skolene et stort oppdrag, og det er ikke vanskelig å forstå hvor krevende dette kan være når en lærer skal evne å se og følge opp hvert enkelt barn i en stor elevgruppe. En nasjonal norm for økt lærertetthet som sikrer maksimalt 15 elever pr. lærer på 1.–4. trinn og 20 elever pr. lærer på 5.–10. trinn på hver skole, har derfor vært en viktig sak for Sosialistisk Venstreparti og som Stortinget nå enstemmig har vedtatt. Dette medlem forventer at regjeringen i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett legger fram forslag til finansiering som fullt ut kompenserer skolene og kommunene for de økte utgiftene en slik norm utløser, samt snarest legger

fram offensive tiltak for å bøte mangelen på kvalifiserte lærere, som har økt med 40 pst. under regjeringen Solberg. Dette medlem viser i den forbindelse til Sosialistisk Venstreparti sine merknader og forslag i Innst. 243 S (2017–2018). Forskning viser dessuten at når det gjelder sosial, emosjonell og kognitiv utvikling, kan det i en 1. klasse være et spenn på hele to år mellom barna. Dette utgjør en forskjell i modenhet på fem–seks år når det også regnes med at elevenes fysiske alder kan skille et helt år ut fra om de er født i januar eller desember. En slik variasjon gir åpenbart pedagogiske utfordringer og viser dessuten at rigide lovkrav og standardiserte vurderingssystemer kan bidra til en altfor snever forståelse av et barns normale utvikling.

Dette medlem er bekymret for at regjeringens forslag om plikt til intensivopplæring fører til overdreven testing og måling, økt prestasjonspress og at flere elever blir ekskludert. I et system der skolen skal kunne dokumentere at en slik plikt er innfridd, vil dette også kunne føre til ytterligere byråkratisering, som stjeler tid som lærerne kunne brukt på elevene. Dette medlem mener regjeringen undergraver målet om en inkluderende fellesskole med sitt lovforslag, og at det vitner om lav forståelse for de utfordringene skolene har. Evalueringen av Kunnskapsløftet viste dessuten en tydelig økning i bruken av ulike former for organisatorisk nivådifferensiering. Basert på eksisterende forskning om organisatorisk nivådifferensiering er det lite som tyder på at bedre muligheter for å organisere elever i grupper etter faglig nivå vil ha positiv effekt på elevenes læringsutbytte eller ha andre positive effekter av betydning. Organisatorisk differensiering etter faglig nivå har negativ eller liten positiv effekt for elever med lave og middels prestasjoner. Elever med høye prestasjoner kan ha noe fordel av ulike typer nivådifferensiering, men effektene er ikke spesielt store. Det er andre pedagogiske virkemidler som har langt større effekter på elevenes læringsutbytte enn å etablere nivåbaserte elevgrupper. Det er dessuten risiko for feilplassering av elever i de ulike nivåbaserte gruppene og økte sosiale forskjeller i læringsutbytte som følge av slik feilplassering. Dette medlem vil på denne bakgrunn sterkt advare mot å gi skolene en plikt til intensivopplæring, som dette medlem mener vil legitimere og stimulere til ytterligere nivådifferensiering i norsk skole. Derimot mener dette medlem at skolens økonomiske og faglige handlingsrom må styrkes, og viser dessuten til Utdanningsforbundets høringsinnspill, der de skriver:

«Utdanningsforbundet meiner betre observasjon, tidleg og tett oppfølging av einskildeleven best vert oppnådd gjennom ein nasjonal norm for lærartettleik, krav om spesialpedagogisk kompetanse i alle lærarkollegium knytt til begynnaropplæring og å sikre større ressursar til sosialpedagogisk rådgjeving i lov/forskrift.»

Dette medlem støtter dette og viser for øvrig til representantforslaget fra Sosialistisk Venstreparti, Dokument 8:132 S (2016–2017) om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole. Lærerne trenger støtte for sitt krevende oppdrag, og skolene må gis bedre rammevilkår, slik at alle barn kan få god og tilrettelagt undervisning, fortrinnsvis innenfor rammen av det ordinære læringsfellesskapet.

### **Plikt til fleirfagleg samarbeid**

Departementet trekkjer fram at førebyggjande arbeid og å ta tak i utfordringar så tidleg som mogleg er viktig ikkje berre i skolen, men òg på mange andre område som vedkjem barn og unge. Eit heilskapleg og fleirfagleg perspektiv føreset samarbeid mellom etatar og samordning av ulike tenester.

Departementet meiner at plikta skolen har til å samarbeide med relevante kommunale tenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar, ikkje er gjord tilstrekkeleg tydeleg på ein formålstenleg måte i opplæringslova og friskolelova. Mangelfull regulering av ansvaret skolen har for fleirfagleg arbeid, kan etter det departementet vurderer skape uklarleik kring rolla og ansvaret til skolen. Sjølv om skolane allereie samarbeider med andre fagmiljø, er det variasjon i korleis og kor ofte slikt samarbeid finn stad.

Departementet foreslår at opplæringslova og friskolelova får ei ny føresegn om samarbeid med kommunale tenester. Forslaget inneber at skolen skal samarbeide med relevante kommunale tenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar. Samarbeidsplikta er meint å gjelde både i konkrete saker for enkeltelevar og ved samarbeid på systemnivå. Departementet foreslår òg ein heimel for å behandle personopplysningar, inkludert særlege kategoriar av personopplysningar og opplysningar om straffbare forhold. Slike opplysningar kan behandlast av dei samarbeidande tenestene når det er nødvendig og forholdsmessig for å vareta det lovfesta ansvaret for samarbeid.

Eit stort fleirtal av høringsinstansane støttar forslaget, deriblant eit stort fleirtal av kommunane som har sendt høringsfråsegn. Dei som ikkje støttar forslaget, meiner at plikta til samarbeid allereie er tilstrekkeleg regulert, og nokre peikar på at der det ikkje er eit velfungerande samarbeid, kjem dette ofte av manglande ressursar.

Komiteen viser til at foreslås en plikt for skolen til å samarbeide med kommunale tjenestetilbydere om flerfaglige vurderinger og oppfølging av elever med helsemessige, personlige, sosiale og emosjonelle utfordringer i tilknytning til opplæringen. Komiteen viser til at mange skoler allerede samarbeider godt med andre fagmiljø, men at det fortsatt er for stor variasjon i hvordan

samarbeidet fungerer og i hvor ofte det tas initiativ til slikt samarbeid. Komiteen mener det er viktig at skolen ser hele eleven, og at man ber om hjelp fra relevante aktører som kan bistå i oppfølgingen av ulike utfordringer av eksempelvis emosjonell, sosial eller helsemessig karakter. Komiteen viser til Meld. St. 26 (2014–2015) Fremtidens primærhelsetjeneste, hvor det fremgår at mange barn og unge med utfordringer av ulike slag ikke får den hjelpen og oppfølgingen som de burde hatt, og som de har rett til. Meldingen peker på at utfordringer og hjelpebehov må bli avdekt på et så tidlig tidspunkt som mulig dersom barn og unge skal få den hjelpen de trenger, og at en utfordring er å få de ulike kommunale tjenestene til å samarbeide. Komiteen mener at en samarbeidsplikt for skolen kan bidra til å løse denne utfordringen.

Komiteen viser til at det ofte er sammensatte årsaker til at elever strever i skolen, og at både sosiale, emosjonelle, psykiske og fysiske faktorer spiller inn. Komiteen mener det er viktig at skolen ser hele eleven og bidrar til at elevene får nødvendig oppfølging på ulike områder. Skolen kan ikke selv tilby oppfølging på alle områder, men gjennom en plikt for skolen til å samarbeide med kommunale tjenestetilbydere kan man sikre at elevene får den faglige oppfølgingen de trenger.

### Fagbrev på jobb

Regjeringa gjekk i Meld. St. 16 (2015–2016) inn for å etablere ei ordning med fagbrev på jobb som ein alternativ veg til fag- og sveinebrev, i samarbeid med partane i arbeidslivet. Stortinget slutta seg til dette.

Forslaget bygger på forsøk i fem fylkeskommunar der ulike alternative opplæringsmodellar for tilsette i helse- og oppvekstsektoren blei prøvde ut. Bakgrunnen for forsøka var blant anna berekningar frå Statistisk sentralbyrå som viste at det vil bli stor mangel på helsefagarbeidarar dei nærmaste åra. Berekningane viste òg at delar av helse- og omsorgssektoren og oppvekstsektoren er prega av mange tilsette utan formell kompetanse i faget dei utøver. Formålet med forsøka var å utvikle opplæringsstilbod som bidrar til at fleire tek fagbrev.

Fagbrev på jobb skal vere ein meir fleksibel veg mot fag- og sveinebrev utan reduserte kompetansekrav hos dei som avlegg fagprøva. Målgruppa er vaksne i arbeidslivet som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, og som har noko praksis frå lærefaget, men behov for rettleiing og opplæring før dei kan gå opp til fagprøva. Fag- eller sveineprøva skal vere den avsluttande vurderinga av kandidatane, og dei må ha bestått sentralt gitt skriftleg eksamen eller andre likeverdige vurderingsformer som viser kompetansen i lærefaget.

Departementet foreslår derfor ei rekkje endringar i kapittel 4 i opplæringslova. Endringane fastset kven som er kandidat for fagbrev på jobb, krav til lærebedrifter som vil teikne kontrakt om fagbrev på jobb, og rettar

og plikter for kandidaten og lærebedrifta. Det er òg foreslått ein heimel for departementet til å fastsetje krav til praksis for kandidaten for fagbrev på jobb.

Det overveldande fleirtalet av høyringsinstansane støttar forslaget om ei ordning som gir høve til å gå opp til fag- eller sveineprøva på grunnlag av ein kombinasjon av relevant praksis, realkompetansevurdering og opplæring. Eit fleirtal av høyringsinstansane som uttaler seg om kva for fag ordningane skal gjelde for, meiner at ordninga berre bør gjelde for utvalde fag.

Departementet legg vekt på at norsk fag- og yrkesopplæring har stor grad av felles regelverk, uavhengig av bransje eller fag. Dette bidrar til eit enklare regelverk, som gjer det enklare for utdanningssøkjande, lærebedrifter og fylkeskommunar å finne fram i og ta omsyn til regelverket og til utdanningane. Departementet går derfor inn for at ordninga skal vere generell og kunne nyttast i alle fag.

Komiteen viser til at regjeringa foreslår å endre opplæringsloven, slik at det blir mulig å gå opp til fag- eller svenneprøve med grunnlag i allsidig praksis, realkompetansevurdering og opplæring kombinert med praksis med rettleiing, i ordinært arbeid. Målet er å motivere flere voksne til å ta fagbrev ved at de kan beholde lønnet arbeid og få opplæring i arbeidstiden.

Komiteen vil vise til merknad i Innst. 12 S (2017–2018):

«Komiteen viser til at Norge vil ha stort behov for personer med gode yrkesfaglige kvalifikasjoner i tiden som kommer, spesielt i næringslivet. Den siste kartleggingen av behovet for fagskompetanse gjennom 'Kompetansebarometer 2016' fra NIFU/NHO melder at 6 av 10 bedrifter trenger flere fagarbeidere. Bare innen bygg og anlegg vil Norge mangle 30 000 fagarbeidere innen 2030, i følge tall fra SSB. I denne forbindelse er det derfor viktig å legge til rette for at flere kan utdanne seg innen yrkesfagene.»

Komiteen mener derfor ordningen «Fagbrev på jobb» kan bidra til at flere voksne uten formell kompetanse kan kvalifisere seg ved å ta fagbrev på jobb, med lønn. Komiteen mener at det både for den enkelte medarbeider og for arbeidsgiverne vil være en fordel om voksne uten formell kompetanse får tilstrekkelig kompetanse i faget, slik at de kan gå opp til, og bestå, fagprøven.

### Folkehøgskolelova skal gjelde for Svalbard

Gjeldande folkehøgskolelov gir ikkje heimel til godkjenning av folkehøgskolar på Svalbard. Stortinget har bedt regjeringa om å fremje forslag om å utvide verkeområdet for folkehøgskoleloven til òg å gjelde på Svalbard, jf. Innst. 178 S (2016–2017). I innstillinga blei det understreka at ei eventuell endring av folkehøgskoleloven til òg å omfatte Svalbard ikkje inneber at vanlege prosessar for godkjenning av folkehøgskolar blir endra.

Departementet foreslår å endre folkehøgskoleloven slik at ho òg gjeld for Svalbard. Med føresetnad om at Stortinget sluttar seg til lovforslaget i proposisjonen, tek departementet sikte på å forskriftsfeste ein regel om at ein eventuell folkehøgskole på Svalbard maksimalt kan ha 10 pst. utanlandske statsborgarar som elevar.

Departementet understrekar at det ved behandlinga av eventuelle søknader om godkjenning av folkehøgskole på Svalbard – i tillegg til budsjettmessige forhold – òg skal leggjast vekt på blant anna svalbardpolitiske omsyn. I denne samanhengen presiserer departementet at ein eventuell folkehøgskole på Svalbard skal drive verksemda si innanfor dei ordinære vilkåra i folkehøgskoleloven og i samsvar med norsk folkehøgskoletradisjon. Dette inneber blant anna at undervisningsspråket ved skolen skal vere norsk.

Forslaget har fått brei støtte frå dei høyringsinstansane som har uttalt seg til forslaget.

Komiteen viser til forslag om å endre folkehøgskoleloven slik at den også gjelder for Svalbard. Folkehøgskolene har lange tradisjoner i Norge og er et verdifullt supplement til det offentlige skolesystemet. Komiteen viser til at dagens folkehøgskolelov ikke gjelder for Svalbard, og mener det er positivt for mulighetene til utvikling på Svalbard at det nå åpnes for etablering av folkehøgskole.

Komiteen viser til at en endring i folkehøgskoleloven til også å gjelde Svalbard er i tråd med intensjonene i Svalbardmeldingen (Meld. St. 32 (2015–2016)), hvor det blant annet legges vekt på å legge forholdene til rette for etablering av ny og variert virksomhet med utgangspunkt i lokale forhold. En folkehøgskole vil skape kompetanserettede og bærekraftige arbeidsplasser og øke andelen nordmenn på Svalbard betraktelig.

### **Lovfesting av leirskoleopphold**

Departementet viser til at den politiske plattformen for regjeringa utgått av Høgre, Framstegspartiet og Venstre slår fast at regjeringa vil lovfeste retten til eit leirskoleopphald i løpet av grunnskolen. Kunnskapsdepartementet vil sende på høyring eit forslag om endring i opplæringslova som gir elevar ein slik rett til leirskoleopphald. Endringa kan tre i kraft hausten 2019.

Komiteen viser til at regjeringa vil foreslå en lovfesting av retten til et leirskoleopphold i løpet av grunnskolen, og er positiv til at et forslag om endring i opplæringsloven vil bli sendt på høyring med sikte på at lovfestinga kan tre i kraft høsten 2019.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til Innst. 155 S (2015–2016), der Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet sitt forslag om å lovfeste elevenes rett til ett leirskoleopphold i løpet av grunnskolen bare fikk disse

partiers støtte. Disse medlemmer mener en lovfesting er den beste måten å sikre at alle elever gis rett til et opphold på leirskole i løpet av grunnskolen. Det vil innebære at kommunene må finansiere utgiftene i tilknytning til leirskoleopphold. Disse medlemmer ber regjeringa snarest iverksette arbeidet for å få fremmet et slikt lovforslag, samt se til at kommunene får kompensert for eventuelle merutgifter en slik rett vil innebære.

## **Forslag fra mindretall**

### **Forslag fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet:**

#### *Forslag 1*

Opplæringslova § 1-4 og friskolelova § 3-4 b skal lyde:

Skolen skal sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i fag, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

### **Komiteens tilråding**

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité, med unntak av opplæringslova § 1-4 og friskolelova § 3-4 b, som fremmes av flertallet, komiteens medlemmer fra Høyre, Framskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Kristelig Folkeparti.

Komiteen viser til proposisjonen og til sine merknader og råder Stortinget til å gjøre følgende

#### **vedtak til lov**

om endringar i opplæringslova, friskolelova og folkehøgskoleloven (plikt til å tilby intensiv opplæring og plikt til fleirfagleg samarbeid m.m.)

#### **I**

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

§ 1-3 skal lyde:

#### *§ 1-3. Tilpassa opplæring*

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.

§ 1-4 skal lyde:

#### *§ 1-4. Tidleg innsats på 1. til 4. trinn*

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven

sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Noverande § 1-4 og § 1-5 blir § 1-5 og § 1-6.

§ 2-1 tredje ledd skal lyde:

Grunnskoleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet er komme tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte i skolen, har barnet rett til å utsetje skolestarten eitt år dersom foreldra krev det. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen i særlege tilfelle vedta å utsetje skolestarten eitt år. Dersom foreldra søker om det eller samtykkjer, kan kommunen etter *sakkunnig* vurdering la eit barn ta til på skolen eitt år før når det innan 1. april har fylt 5 år.

§ 2-3 a sjette ledd skal lyde:

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnt i *andre* ledd.

§ 3-6 første ledd skal lyde:

Fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til opplæring etter § 3-1, og som ikkje er i opplæring eller i arbeid. Tenesta gjeld til og med det året dei fyller 21 år. Tenesta omfattar også ungdom som har tapt opplæringsretten etter § 4-6.

§ 4-1 skal lyde:

§ 4-1. *Kven som er lærling, praksisbrevkandidat, lærekandidat og kandidat for fagbrev på jobb*

Lærling er etter denne lova den som har skrive ein lærekontrakt med sikte på fagprøve eller sveineprøve i fag som har læretid etter forskrifter gitt med heimel i § 3-4. Praksisbrevkandidat er etter denne lova den som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på praksisbrevprøve. Lærekandidat er etter denne lova den som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve. *Kandidat for fagbrev på jobb er etter denne lova den som har skrive ein kontrakt om opplæring på grunnlag av allsidig praksis og realkompetanse med sikte på fag- eller sveineprøve.*

Når lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar får opplæring i skole, gjeld reglane for elevar.

*Departementet fastset forskrift med krav til praksis for kandidatar for fagbrev på jobb.*

§ 4-2 skal lyde:

§ 4-2. *Særlege rettar og plikter for lærlingen, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten og kandidaten for fagbrev på jobb*

Lærlingen, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten og kandidaten for fagbrev på jobb har rett til opplæring i

samsvar med lærekontrakten, opplæringskontrakten og kontrakten om fagbrev på jobb.

Lærlingen, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten og kandidaten for fagbrev på jobb er arbeidstakarar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plasserte i, med dei rettane og pliktene som følgjer av lover og tariffavtalar. Der lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar har teikna både arbeidsavtale og lærekontrakt eller opplæringskontrakt med same part, kan arbeidsavtalen likevel ikkje hevast utan at kontrakten kan hevast etter § 4-5 tredje leddet og § 4-6 siste leddet.

Når læretida for lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar etter kontrakten er over, eller når kontrakten blir heva etter § 4-6, fell også arbeidsavtalen bort. Dersom lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten skal halde fram i bedrifta, må ein ny arbeidsavtale inngåast.

Lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar skal ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevar i vidaregåande skole.

Lærekandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter kapittel 5. For slik opplæring gjeld § 5-1, bortsett frå andre leddet siste setning, §§ 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6 tilsvarande.

§ 4-3 første ledd skal lyde:

Bedrifter som tek på seg opplæring av ein eller fleire lærlingar, praksisbrevkandidatar, lærekandidatar eller kandidatar for fagbrev på jobb, må vere godkjende av fylkeskommunen. Som lærebedrift kan godkjennast private og offentlege verksemder og organ for samarbeid mellom bedrifter som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar (opplæringskontor eller opplæringsring). Lærebedrifta må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda før endeleg vedtak blir gjort.

§ 4-4 skal lyde:

§ 4-4. *Rettane og pliktene til lærebedrifta m.m.*

Lærebedrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten og kandidaten for fagbrev på jobb kan nå måla i den fastsette læreplanen. Dersom lærekandidaten har krav på spesialundervisning etter kapittel 5, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan, jf. § 5-5 første leddet. Lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa, for å sikre at lærlingen, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb får ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen. I fall delar av opplæringa skal givast av andre enn lærebedrifta, skal lærebedrifta leggje til rette for dette.

Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læremiljø. Arbeids- og opplæringstida til lærlingen, praksisbrevkandidaten, lære kandidaten og kandidaten for fagbrev på jobb skal til saman ikkje vere lengre enn den arbeidstida som gjeld for andre arbeidstakarar i faget.

Lærebedrifta melder lærlingen og kandidaten for fagbrev på jobb til den fagprøva eller sveineprøva som blir halde nærmast den tida da læretida eller kontraktstida er ute. Lærebedrifta melder praksisbrevkandidaten til den praksisbrevprøva som blir halde nærmast den tida da læretida er ute. Lærebedrifta melder lære kandidaten til kompetanseprøva. Lærebedrifta stiller nødvendig arbeidsplass, materiale, reiskapar og assistenthjelp til rådvelde under prøva. Lærebedrifta får eigedomsretten til produktet. Dersom fagprøva, sveineprøva, praksisbrevprøva eller kompetanseprøva blir teken på ein skole og skolen dekkjer materialutgiftene, får skolen eigedomsretten til produktet av prøva.

Dersom lærebedrifta stansar eller utviklar seg på ein slik måte at ho ikkje lenger finn det mogleg å gi lærlingen, praksisbrevkandidaten, lære kandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb tilfredsstillande opplæring, skal ho melde frå til fylkeskommunen.

Lærebedrifter får tilskot til opplæringa frå fylkeskommunen etter forskrifter gitt av departementet.

#### § 4-5 første ledd skal lyde:

Det skal opprettast skriftleg lærekontrakt mellom lærebedrifta og lærlingen når læreforholdet tek til. Det skal opprettast skriftleg opplæringskontrakt mellom lærebedrifta og praksisbrevkandidaten eller lære kandidaten når læreforholdet tek til. *Det skal opprettast skriftleg kontrakt om fagbrev på jobb mellom lærebedrifta og kandidaten for fagbrev på jobb når læreforholdet tek til.* Det skal gå fram av kontrakten kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa etter den fastsette læreplanen.

#### § 4-5 andre ledd skal lyde:

For å bli gyldig må kontrakten godkjennast av fylkeskommunen. *Lærekontrakten og opplæringskontrakten får verknad frå den tida arbeidsforholdet tek til.* Kontrakten skal vise til den eller dei arbeidsavtalane som lærlingen, praksisbrevkandidaten, lære kandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb har. Departementet kan gi nærmare forskrifter om innhaldet i og forma på kontrakten.

#### § 4-6 andre ledd skal lyde:

Lærekontrakten, opplæringskontrakten eller kontrakten om fagbrev på jobb kan hevast av partane dersom dei er samde om det og etter at lærebedrifta har orientert fylkeskommunen skriftleg om det. *Kontrakten om fagbrev på jobb fell bort dersom arbeidskontrakten fell bort.*

#### § 4-6 tredje ledd skal lyde:

Etter samtykke frå fylkeskommunen kan kontrakten hevast av både lærebedrifta og av lærlingen, praksisbrevkandidaten, lære kandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb dersom

- den andre parten gjer seg skyldig i vesentlege brott på pliktene sine i arbeidsforholdet
- ein av partane viser seg ute av stand til å halde fram i læreforholdet, eller
- lærlingen, praksisbrevkandidaten, lære kandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb skriftleg seier frå at det er ei urimeleg ulempe for han eller ho å halde fram ut kontrakttida

#### § 4-6 femte ledd skal lyde:

Før det blir gjort vedtak om heving etter krav frå lærebedrifta, skal lærlingen, praksisbrevkandidaten, lære kandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb kunne forklare seg munnleg for den som skal gjere vedtaket.

#### § 4-7 skal lyde:

##### § 4-7. Internkontroll i den enkelte lærebedrifta

Lærebedrifta skal ha intern kvalitetssikring, slik at lærlingen, praksisbrevkandidaten, lære kandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb får opplæring i samsvar med lova her og forskrifta til denne. Ein eller fleire representantar for arbeidstakarane skal saman med den eller dei faglege leiarane jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer pliktene etter opplæringslova med forskrift.

Lærebedrifta skal årleg rapportere til fylkeskommunen om opplæringa av lærlingar, praksisbrevkandidatar, lære kandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb. Departementet kan gi nærmare forskrifter om rapporteringsplikta til lærebedrifta.

#### § 4A-9 første ledd skal lyde:

Når ein deltakar vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein deltakar alvorleg forsømmer pliktene sine, kan kommunen eller fylkeskommunen vise deltakaren bort frå resten av det kurset deltakaren er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av kurset kan fylkeskommunen også vedta at deltakaren skal misse retten til vidaregåande opplæring etter § 4A-3.

#### § 4A-11 skal lyde:

##### § 4A-11. Forsøk

§ 1-5 gjeld tilsvarande for opplæring etter dette kapitlet.

#### § 4A-13 andre ledd skal lyde:

Vaksne som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter reglane i § 4A-2. Dette inklu-



derer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerende kommunikasjon.

§ 13-4 første ledd skal lyde:

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Ny § 15-8 skal lyde:

§ 15-8. *Samarbeid med kommunale tenester*

Skolen skal samarbeide med relevante kommunale tenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar.

Når det er nødvendig og forholdsmessig for å vareta ansvaret etter første ledd, kan dei samarbeidande tenestene behandle personopplysningar, inkludert særlege kategoriar av personopplysningar og opplysningar om straffbare forhold.

## II

I lov 6. desember 2002 nr. 72 om folkehøgskoler blir følgjande endring gjort:

Ny § 1 a skal lyde:

§ 1 a *Lovens anvendelse for Svalbard*

Loven gjelder for Svalbard.

## III

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar blir desse endringane gjorde:

§ 2-3 andre ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om krav til læreplanen, vurdering av elevar, klage på vurdering, eksamen

og dokumentasjon. Departementet gir forskrift om aktivitetar i grunnskolen som ikkje er opplæring i fag. Departementet kan også gi forskrift om fritak frå opplæring i sidemålet for *elevar som får særleg språkopplæring*, om godskriving av tidlegare gjennomgått vidaregåande opplæring eller praksis, og om fritak for den praktiske delen av kompetansemåla i faget kroppsøving i den vidaregåande skolen.

§ 3-4a skal lyde:

§ 3-4a. *Tilpassa opplæring*

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven.

Ny § 3-4b skal lyde:

§ 3-4b. *Tidleg innsats på 1. til 4. trinn*

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørgje for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventna progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Ny § 3-6 b skal lyde:

§ 3-6 b. *Samarbeid med kommunale tenester*

Skolen skal samarbeide med relevante kommunale tenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar.

Når det er nødvendig og forholdsmessig for å vareta ansvaret etter første ledd, kan dei samarbeidande tenestene behandle personopplysningar, inkludert særlege kategoriar av personopplysningar og opplysningar om straffbare forhold.

## IV

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Oslo, i utdannings- og forskningskomiteen, den 15. mai 2018

**Roy Steffensen**

leder

**Guri Melby**

ordfører





